

Referat frå oppstartsmøte

Sak (namn og ID): Åfjorden båthamn, 2022001	
Møtestad: Kommunehuset, Teams	Møtedato: 01.02.22
Deltakarar:	
Frå forslagstillar:	Frå kommunen:
Dag Ove Myklebust – Åfjorden Båtlag	Idar Førde Blom
	Gaute Lundeland
Asplan Viak	
Hilde Ruud – Asplan viak	
Turid Kristine Brekke	
Referat sendast til:	dagovem@gmail.com
	hilde.ruud@asplanviak.no
	turid.brekke@asplanviak.no

1. Planføresetnader

Plantype:

- Områderegulering Reguleringsendring
- Detaljregulering

Aktuelt område er omfatta av følgjande planar:

- Kommuneplanen sin arealdel
- Områderegulering
- Detaljregulering
- Utbyggingsplan
- Planen vil heilt / delvis erstatte følgjande plan(ar):

- Planframlegget vil samsvare med overordna plan.
- Planframlegget vil ikkje samsvare med overordna plan.

Merknader: Planarbeidet vil delvis ikkje samsvare med gjeldande planar:

- *Områdereguleringsplan Sørbovåg: kjem i konflikt med:*
 - *Friluftsområde*
 - *Låsettingsplassar*
- *Kommuneplanen sin arealdel 2009-2020: Vannareal for allmen bruk*

Planlegginga må finne gode avklaringar knytt til desse formåla.

Framlegg til avgrensing av planområdet er gjennomgått. Kommunen hadde følgjande innspel til framlegget:

Kan ta med friluftsområde, men regulere til same formål som eksisterande. Sikre tilstrekkeleg planavgrensing, så alle moment til planen kjem med frå starten av:

- *Forankring*
- *Tilstrekkeleg parkeringsareal*
- *Avkøyrsløse til fylkesveg – Vert vurdert nærare etter høyringstida til varsling om oppstart er gjennomført.*
- *Snuareal ved båtslippen.*

Bakgrunn og mål med planarbeidet, og hovudføremål i planen:

Etablering av båthamn i Sørbovåg

Grunnlag for planarbeidet: Det er i dag stor etterspørsel på båtplass. Slik dagen småbåthamn er utforma er det ikkje mulig å plassere fleire båtar, samtidig som behovet for større båtplassar også har meldt seg.

Ved ei bygging av ny hamn, vil ein kunne legge til rette for ca 60 nye båtplassar. Denne utvidinga vil også vere med å hjelpe på Hamnetilhøva inne på sjølve «vågen», noko som også næringslivet på Sørbovåg vil kunne dra glede av.

Mål

- *Skjerme vågen mot vinddrag frå aust spesielt.*
- *Dekke behovet for båtplass i Åfjorden og omegn.*
- *Minimum 60 båtplassar*

Plannamn:

Forslagsstillars forslag til namn: *Åfjorden Båthamn*

Det er kommunen som tek avgjerd på plannamn. Kommunen kjem med tilbakemelding på namn og plan –

Namn: *Åfjorden Båthamn*

Plan ID: 2022001

Anna pågåande planarbeid

- Kommunen kjenner ikkje til anna planarbeid i området
 Det er på gang anna planarbeid i området:

- *Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032*
- *Hamneparken ved Liv- og lyst Sørbøvåg – Jostein Ryland*

Merknad:

Det er vert viktig med god dialog med mot Liv og lyst Sørbøvåg, så ein får gode løysingar, med blant anna parkeringsareal.

Planprogram

Utløyser planen krav til planprogram, jf PBL § 4-1?

- Ja
 Nei

Merknad:

Planarbeidet er vurdert til å ikkje løyse ut krav om planprogram, jamfør utgreiing nedanfor til KU.

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav til konsekvensutgreiing ?

- Ja
 Nei

Det skal i oppstartsfasen avklarast om planen vert omfatta av krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Om reguleringsplanen fell inn under § 3 i KU – forskrifta, men er vurdert til ikkje å skulle konsekvensutgreiast, skal dette gå fram av varsel og kunngjering om oppstart av planarbeidet.

Dersom planarbeidet vert omfatta av KU-forskrifta skal forslag til planprogram sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn seinast samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet.

Merknad:

Kommunens vurdering:

Tiltaket «Båthamn» er vurdert til å falle inn under kategori 10, Infrastrukturprosjekter, e) «Bygging av havner og havneanlegg, herunder fiskehavner og offshorerelaterte havner» i

vedlegg 2: Planar etter plan- og bygningslova og tiltak etter anna lovverk som skal vurderast nærare.

Vurdering gjort etter § 10:

Eigenskapar ved planen eller tiltaket omfattar:

- a. *størrelse, planområde og utforming – Ikkje vurdert til å vere av avgjerande storleik.*
- b. *bruken av naturressursar, særlig areal, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar*
 - *Ikkje sett som konfliktfullt*
- c. *avfallsproduksjon og utslipp*
 - *Ikkje kjente konfliktområde.*
- d. *risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofar.*
 - *Ikkje sett som konfliktfullt*

Vurdering om plan kan kome i konflikt med:

- a. *Verneområder:*
 - *Oppslag syner observasjon av «Sturnus vulgaris stær» lengs aust i plan avgrensing. Ikkje vurdert til å råkast i stor grad.*
 -
- b. *Trua artar og naturtypar:*
 - *Oppslag syner 2.stk sefrak – naust ruin i friluftsområde. Planlagt tiltak er ikkje planlagt i dette området, og friluftsområde vil vidareførast som det ligg føre frå gjeldande plan.*
 -
- c. *Statlege planretningslinjer*
 - *SPR – Differensiert forvaltning av strandsona lang sjøen: Er i tråd med styringa for utbygging gjennom planarbeid. Støttar retningslinjer for stimulering til næring og sjøretta reiselivsbygg.*
 - *SPR – Klima og energiplanlegging og klimatilpassing: Vil samle båt plassering til eit viktig tettstadsområde i kommunen og sikre betre styring for framtidig kommuneplanlegging.*
- d. *Større omdisponering av LNF-områder*
 - *Ikkje konflikt. Friluftsområde vert i hovudsak vidareført og arealet vert i liten grad omdisponert.*
- e. *Auka belastning i områder der fastsatte miljøstandardar er overskreden*
 - *Ikkje konflikt.*
- f. *Konsekvensar for befolknings helse*
 - *Ikkje vurdert til å auke i stor grad i høve til dagens bruk. Tiltaket vert sett på utviding av eksisterande bruk.*
 -
- g. *Vesentleg forureining eller klimagassutslepp*
 - *Ikkje konflikt.*
 -
- h. *Risiko for alvorlege ulykkar som følgje av naturfarar:*
 - *Ikkje vurdert til å auke. Tiltak vil dimensjonast mot tsunamifare frå ras frå Lifjellet.*

Plankonsulent si vurdering:

Har same vurdering som kommunen, der tiltaket vert vurdert opp mot vedlegg 2: Planar etter plan- og bygningslova og tiltak etter anna lovverk som skal vurderast nærare. Tiltaket er ikkje av ein storleik som vil utløyse krav om KU, og vil vere tilstrekkeleg dekkja gjennom ein grundig planomtale.

Konklusjon: Tiltak er vurdert til å ikkje løyse ut krav om KU. Tiltaket er av ein storleik til å kunne vurderast tilstrekkeleg gjennom planarbeidet.

Plankonsulent må i varsling om oppstart kvalitetssikre denne vurderinga, for å sikre unødig arbeid seinare i planprosessen.

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

- Kommunale vedtekter
- Kommunale retningslinjer
 - Kommuneplanens retningslinjer
 - andre
- Føresegner i arealdel av k-plan

Merknader:

- *Kommuneplanen sin arealdel*
- *Områdereguleringsplan Sørbovåg.*
- *Kommunalteknisk VA-norm 2021*

3. Viktige vurderingar og utgreiingsbehov

Lokale tilhøve som føreset særleg utgreiing / vektlegging i planarbeidet:

- | | |
|--|--|
| <input checked="" type="checkbox"/> Born og unge | <input checked="" type="checkbox"/> Biologisk mangfald |
| <input checked="" type="checkbox"/> Samfunnstryggleik og beredskap | <input checked="" type="checkbox"/> Stadutvikling, kjøpesenter |
| <input type="checkbox"/> Funksjonshemma og eldre | <input checked="" type="checkbox"/> Kulturlandskap og kulturminne |
| <input checked="" type="checkbox"/> Kommunikasjon, veg og vegteknisk | <input checked="" type="checkbox"/> Klima og energi |
| <input checked="" type="checkbox"/> Universell utforming | <input checked="" type="checkbox"/> Strandsona, sjø og vassdrag |
| <input checked="" type="checkbox"/> Trafikktryggleik | <input checked="" type="checkbox"/> Folkehelse (støy, ureining mv) |
| <input type="checkbox"/> Jordvern- og landbruksfag | <input type="checkbox"/> Miljøvern faglege vurderingar |
| <input checked="" type="checkbox"/> Kommunaltekniske anlegg | <input type="checkbox"/> Anna |

Opplistinga er ikkje uttømande

Merknad:

Særskilte tilhøve og tilleggsopplysningar:

- *Geoteknisk prosjektering, i tråd med NVE rettleiar*
- *Vurdering av fare for kvikkleire, i tråd med NVE sin rettleiar*
- *VAO-rammeplan – må utarbeidast i samband med planarbeidet.*

Det er planar om ny molo også på andre sida av vågen, ved Finio AS sitt industriområde. Forslagstillar har her også same behov for geoteknisk prosjektering og kartlegging av fare for kvikkleireskred. Kommunen ynskjer her å sjå på ei samhandling, når kartlegginga likevel skal gjerast for Åfjorden båthamn. Kommunen bed om:

- *Få gjort vurdering for Finio samtidig – Gjeve separat pris for dette arbeidet.*
- *Kommunen sender over Finio sitt materiale for molo og kartlegging av sjøbasseng i Åfjorden.*

4. Statlege planretningsliner og særlover som vedkjem planarbeidet:

- | | |
|--|---|
| <input checked="" type="checkbox"/> Barn og unge sine interesser | <input checked="" type="checkbox"/> Samordna areal- og transportplanlegging |
| <input type="checkbox"/> Verna vassdrag | <input checked="" type="checkbox"/> Naturmangfaldloven |
| <input checked="" type="checkbox"/> Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen | <input type="checkbox"/> Vassressurslova |
| <input checked="" type="checkbox"/> Klima- og energiplanlegging i kommunane | <input type="checkbox"/> Energilova |
| | <input type="checkbox"/> Akvakulturlova |
| | <input type="checkbox"/> Ureiningslova |
| | <input type="checkbox"/> Andre lover |

Opplistinga er ikkje uttømande

Merknader: Ingen merknad.

5. Krav til planforslaget

Forslagsstillar er gjort kjent med rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar, og dei vedlegg kommunen ynskjer skal leggjast til grunn for vidare arbeid med planen.

- *Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Reguleringsplanveileder*

Forslagsstillar er gjort kjent med kva krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kommunen set for det vidare planarbeidet.

6. Kommunaltekniske anlegg

Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg som har tydnad for tiltaket.

Tiltaket føreset utbygging / utbetring av det kommunaltekniske anlegget

Tiltaket utløyer krav om utbyggingsavtale

Merknad:

- *VAO-rammeplan – må utarbeidast i samband med planarbeidet.*

7. Kommunale sakshandsamingsgebyr

Forslagsstillar er gjort kjent med kommunale handsamingsgebyr, og om når han vil verte fakturert.

Kommunale handsamingsgebyr skal sendast til:

- Ikkje relevant.

8. Oppstart av planarbeidet – tilråding frå kommunen

Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet.

Grunngeving for negativ tilråding er:

Vidare saksgang:

Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet

Kommunen har følgende råd til det videre planarbeidet:

- Sikre god avklaring med grunneigarar
- Sikre god avklaring med kommunal infrastruktur.
- Viktig at det vert kommunisert at sjølv om det er eit nytt planarbeid, så er det same tiltak som tidligare.

9. Kartgrunnlaget

Planframlegget skal presenterast på tilstrekkeleg oppdatert kartgrunnlag (basiskart) og vera i samsvar med kartforskrifta til § 2-1 i pbl.

Kommunen sender over:

- *Aktuelt Sosi-materiale for planavgrensinga*
- *Områdereguleringsplan Sørbovåg med til høyrande dokument.*
- *Adresseliste regionale styresmakter.*
- *Relevant materiale frå Finio sitt arbeid*
- *Situasjonsplan, illustrasjonsfilar og DWG filar frå Åfjorden båtlag*
- *Merknader frå tidligare planarbeid*

Forslagstiller:

- *Sender over KU-vurdering.*
- *Halde folkemøte i etter varsling om oppstart, men før planutkast vert levert til 1.gangs handsaming.*

Vil det vere behov for nykartlegging i planområdet? Nei

Ved ja - skisser krava:

Er eigedomstilhøva i planområdet tilstrekkeleg klarlagt? Nei

Ved nei: List opp kva som må klargjerast.

- *Kommunen tar eit oversyn over eigedomsgrenser i området.*

10. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gjeve så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gjev rettar i den seinare sakshandsaminga.

Referatet er godkjent og motteke:

Stad, dato: _____

Stad, dato: _____

Representantar frå kommunen

For forslagsstillar